

Solvorn oppvekstsenter



Me vil at alle på Solvorn oppvekstsenter skal oppleve meistring kvar dag!

Vår pedagogisk plattform dannar grunnlag for trivsel, læring og eit godt miljø. For å få dette til, er fylgjande avgjerande for oss:

- **Meistring** fører til motivasjon, engasjement, involvering, sjølvkjensle, trivsel, ro, interesse, nysjerrigheit og glede
- **Alle skal verte sett og høyrte** . Då opplever ein tilhøyrigheit, og at me bryr oss om kvarandre. Me skal sjå, og gi tilbakemelding kvar dag til kvart einskild barn/elev kvar dag.
- **Alle har krav** på støtte, hjelp, oppmuntring, trøyst og merksemd.
- **Me skal ha tydelege vaksne og klare grenser**. Tydelege rammer skapar tryggleik. Dei vaksne skal vere konsekvente i sine handlingar
- **Fysisk aktivitet** gir eit godt grunnlag for sunn helse og livsstil, og er med på å danne grunnlag for læring og utvikling.
- **Respekt for kvarandre** . Respekt for kvarandre kan me syne ved å interessere oss for det den andre har å sei. Me kan spørje for å få meir informasjon og stadfeste overfor den andre at me tykkjer det han/ho har å sei, er viktig. Me skal ikkje avbryte, men lytte ved å nikke, ha blikkontakt og spørje om ting som bringar samtalen vidare

Målsetjing: me vil skape eit godt grunnlag for god trivsel og positiv utvikling hjå alle på Solvorn oppvekstsenter.